



Uskedelingar som i dag kunne rykka inn i ny skule

**Då rektor Stein Elling Schille idag tidleg klypte eit nasjonalfarga band utanfor den nye og moderne Rosendal ungdomsskule var det ei viktig hending også for Uskedalen. Ved skulen går det no 37 elevar frå bygda vår medan det samla elevtalet er 145.**

**Uskedelingane er fordelt slik på dei 6 klassane:**

**8 A: 7 av 23**

10 A: 3 av 20

9 A: 6 av 29

9 B: 11 av 29

10 B: 2 av 20

8 B: 8 av 24

Gleda var stor på alle hald ved skuleopninga som markerer slutten på eit omflakkande liv og arbeid i ein nedsliten skule som ikkje lenger tilfredsstilte tidas krav.

- Ein fantastisk fin skule, er ein kommentar som går att både frå elevar, lærarar og andre og det gjeld på alle vis - ikkje minst med omsyn til moderne utstyr. Til dømes er det interaktive tavlar i nesten alle klasseromma.

Det krevt nok litt tid for alle brukarane til å verta kjende med

den nye skulen, men det verkar som den er oversiktleg og greitt innretta og dertil lys og luftig. Også utomhusanlegget bør få høg karakter.

Ein uskedeling er klassekontakt - det er Konstanse O. Tveit og klassen hennar er 9 B.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Nyskulen er stilig og fell fint inn i landskapet